

LINDÅS KULTURRÅD

Isdalstø, 19.04.16

Kultureininga

Att: Eileen Feste

UTTALE VEDR FORDELING AV KULTURMIDLAR FOR 2016

Lindås kulturråd vil koma med følgjande uttale i samband med forslag til fordeling av kulturmidlar for 2016.

Lindås kulturråd meiner at kulturmidlane må spegle samfunnet sine forventningar i eit lengre perspektiv enn eitt år. Om det no gjeld flyktningar, bygdehus-satsing, kor- og korpssatsing, revysatsing eller anna. Det er viktig at det ligg nokre føringar.

Vi vil vidare merka 4 prinsipielle tilhøve:

1. Lindås kulturråd meiner det er trist at ramma for kulturmidlar har vore uendra dei siste 5 åra. Dette tyder på at det er ein reell nedgang på 10-15 %. Dette er ikkje i tråd med politiske lovnadar og prioriteringar, og er ikkje ein kåra kulturkommune verdig.

Jfr. side 5 i gjeldande kulturplan:

«Tiltak knytt til dei overordna måla:

- det er eit mål at 5 % av Lindås kommune sine årsbudsjett vert nytta på kulturfellet.
- Kommunen bør auka ramma for den økonomiske støtteordninga til lag og organisasjonar med 50% frå 2009 nivå.»

2. Vi meiner det bør innførast at det kun vert søkt om ein samla sum der lag/org. fører opp kva det er dei søker til drift, investering og eller prosjekt. Dette vil gjera handsaminga enklare. Vi ser no at dei mest kreative søker på 4-6 ulike område og på den måten får mest mogeleg ut. Hadde dette vore ein søknad som var spesifisert, var det lettare å sjå heilskapen i støtta til den enkelte. Jfr. pkt 3 i Lindås kulturråd sin uttale datert 14 januar 2016 på rammer for kulturmidlar sendt kulturkontoret ved Eileen Feste.
3. Den årlege støtta til kulturråd og idrettsråd burde vore ei fast løyving som var utanom kulturmidlane. Vi finn det ikkje riktig at desse tilskota skal figurera som kulturmidlar. Lindås kulturråd ber om at einingsleiar for kultur tek dette opp med rådmannen for å få midlane over i ein fast budsjettpost. Dette vil gje eit stabilt driftsgrunnlag og ein vil ikkje bruke av midlar tenkt til lag og organisasjonslivet.

4. Lindås kulturråd meiner det burde vore utdelt eit større beløp til kategorien barn og unge i hovudtildelinga og ikkje så mykje overført til haust-tildelinga. Haust-tildelinga- som ifølgje retningslinene kun skal gå til prosjekt- og aktivitetstilskot, må lysast ut i god tid før søknadsfristen.

Til sjølve fordelinga har Lindås kulturråd desse merknadar:

- a. Adrian Vågenes Villanger – Lindås kulturråd meiner at dette må vurderast av Lindås idrettsråd
- b. Lindås revmatikerlag ? Kurs i livredning i basseng er ei sak Lindås idrettsråd bør handsame.
- c. Psykiatrien Venner – Søknaden kan ikkje handsamast i Lindås kulturråd. Lindås kulturråd meiner vi ikkje har kompetanse til å uttale oss.

Lindås kulturråd ønskjer at kulturkontoret tar ein gjennomgang av metode for tildeling, samt at verkty nyttar til utrekning blir kvalitetssikra. Det er viktig at ein får oversikt, unngår openbare feil og klarer å synleggjere prioritering.

Det må gjerast kjent i utlysinga av midlar at leiaren i hovudstyret i laget er ansvarleg juridisk person i laget og skal difor vere innsøkjande instans. Korleis laget så fordeler midlar innad i laget er opp til laget.

Mvh

Styret i Lindås kulturråd

Einar Vatne

leiari